



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Trygve Hillestad, 5557 2108

Vår dato
23.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/11528
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland (33)
Hordaland fylkeskommune
Hordaland politidistrikt
Hordaland sivilforsvarsdistrikt
Helse Bergen HF
Haakonsvern orlogsstasjon
HV09
Hordaland Røde Kors
Sotra Brannvern IKS

Invitasjon til fagsamling beredskap på Voss 20. og 21. oktober 2014

Fylkesmannen i Hordaland har igjen glede av å invitere til fagsamling beredskap for kommunane i Hordaland. Samlinga finn stad på Fleischer's Hotel på Voss 20. og 21. oktober 2014 og vil ha hovudfokus på atomberedskap, som er eit prioritert satsingsområde. Vi har tidlegare annonsert ei større atomberedskapsøving hausten 2014. Denne er i samråd med Statens strålevern utsett til 2015 (Øving Hordaland 2015).

På denne samlinga vil vi primært forsøke å gje eit best mogeleg grunnlag for den tiltenkte atomulykkeøvinga, men det er òg sett opp andre aktuelle tema (sjå vedlagde program).

Vi håper på god deltaking frå kommunane og legg til at samlinga òg vil vere relevant for andre enn beredskapskontaktane. Vi ser difor gjerne at representantar for helse, miljø- og landbruk deltek på samlinga.

Påmelding skjer via våre heimesider under «Kurs og konferansar», eller ved å gå direkte til
<http://fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Fagsamling-beredskap-20-og-21-oktober-2014/>

Frist for påmelding er 6. oktober 2014. Påmeldinga er bindande.

Fylkesmannen dekker kost og losji for inntil to deltakarar frå kvar kommune/etat.

OBS: Eventuell «no show» vil verte fakturert fullt ut.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Trygve Hillestad på tlf. 55 57 21 08 / 901 97 501, eller e-post:
fmhotrh@fylkesmannen.no.

Med helsing

Arve Meidell
fylkesberedskapssjef

Trygve Hillestad
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

